

**- Som bønder i Ålesund er vi glade i yrket vårt og stolte av næringa.** Det er meiningsfullt og krevande å produsere landbruksvarer i vår vakre natur i høgkostlandet Norge. Næringa er synleg med store bygningar, med husdyr og jorder, skog og utmark. Bøndene utviklar stadig sine driftsmåtar. Produksjonen pr sysselsett auker 6 prosent årleg, det er på line med norsk oljeverksemd og storeksportøren USA. – For unge er difor landbruket ei spennande og meiningsfull næring å gå inn i med store krav til arbeidslust og allsidig fagkompetanse. **Rekruttering, økonomi og miljø** er hovedmåla for landbruket i Ålesund.

## **- Veit du dette om landbruket i Ålesund**

Ålesund (tidlegare kommunane Ørskog, Skodje, Ålesund, Haram og Sandøy) er ein betydeleg jordbrukskommune i fylket i antal gardsbruk. I 2019 var det **149 gardsbruk i drift** i nye Ålesund kommune (292 bruk i år 2000) med **gjennomsnittleg dyrka areal på 203 dekar** (125 dekar i år 2000).

**Kwart årsverk i landbruket skaper ein til to arbeidsplassar i andre tilstøytande verksemder.**

Det vert utført flest årsverk i mjølkeproduksjon på storfe og i sauehaldet. I Ålesund har **58 gardsbruk produksjon av storfekjøt**, av desse 40 mjølkebruk. Det er 74 sauebruk, 8 bruk med høner og 5 bruk med ammekyr i kommunen.

Bønder driv i tillegg andre produksjonar, næring innan skogbruk, turisme, jakt og fiske, vidareforedling og sal av gardsmat.

**TINE Meieriet** er med sine vel **90 tilsette ein av dei største industribedriftene i Ålesund**, og einaste meierianlegget i landet som produserer Iskaffe. Avdelinga tappar konsummjølk og økologisk mjølk, og produserer Piano dessertar, sausar og andre langtidshaldbare varer av 18,6 millionar liter mjølk i året.

**Felleskjøpet Agri** har avdeling i Ålesund. Det er også andre bedrifter og maskinfirma innan landbruket i kommunen.

Ålesund kommune har landbruksforvaltning.  
Det er dei siste åra bygd nye fjøs.

Samla er **husdyrhaldet i Ålesund ein stor buskap**: 1.180 mjøkekjer, 3.000 ammekjer/andre storfe, 22.000 høner, 5.400 sau/lam.

Det vert dyrka vel **30.300 dekar jordbruksareal** (36.500 dekar i år 2000), mest gras til fôr og beite.

Vidare er det ca **188.000 dekar produktivt skogareal** med furu, gran og lauvtre.

## **Spesialisert produksjon, stor omsetnad og stadig ny satsing**

Matproduksjonen og råvarer frå jordbruket i Ålesund hadde i 2010 (tal frå NILF) ein **salsomsetnad på 101 millionar kroner** i året.

Av dette hadde mjølkebruka inkl. kjøtproduksjon 70 prosent av omsetnaden, sauehaldet 20 prosent og eggproduksjon 8 prosent.

Det allsidige landbruket i Ålesund skaper i tillegg verdiar frå produksjonar med andre dyreslag, bønder arbeider med tilleggsnæringer, brøytting av vegr og i skogen, og det er hestehald i kommunen.

I 2019 vart det produsert **9,4 millionar liter kumjølk frå 40 mjølkebruk** (118 mjølkebruk og 9,8 mill. liter i år 2000). Dette tilsvrar årsforbruket av drikjemjølk, ost og andre meieriprodukt til vel 31.000 personar. Gjennomsnittleg har mjølkebruka 30 kyr og leverer årleg 235.000 liter mjølk (14 kyr og 83.000 liter i år 2000).

I 2019 vart det produsert vel **560.000 kg kjøt** i Ålesund, av dette vel 510.000 kilo storfekjøtt, 45.500 kilo sauekjøtt og 3.700 kilo svinekjøtt. Kjøtproduksjonen tilsvrar årsforbruket av kjøt til vel 8.000 personar, eller mange av befolkninga i kommunen.

## **Vårt lokale landbruk er ein del av nasjonal og internasjonal matproduksjon**

**Bøndene i Ålesund** er medeigarar i dei store nasjonale industribedriftene Tine og Nortura – Gilde. Næringsmiddelindustrien er landets største industriktor. I tillegg kjem tømmerforedling.

**Landbruksnæringa si hovudoppgåve** er å forsyne heile landet med norske matvarer året rundt til stabile prisar. Norsk matproduksjonen skal aukast med 20 prosent dei neste 20 åra i takt med befolkningsauken på 1 million menneske. Vi produserer i dag berre halve kaloriforbruket vårt. Matimporten aukar veldig raskt i Norge, liksom i Sverige, mellom anna av storfekjøt og dels mjøkeprodukt. – Auka import sikrar ikkje levande bygder og kulturlandskapet på Nordvestlandet.

**Norge** har krevande natur og klima for matproduksjon utandørs. Dei fleste land vi samanliknar oss med har ein politikk for matforsyning. Liksom på mange andre politikkområde har Norge sin eigen modell for nasjonal landbrukspolitikk. Importvernet overfor land med gunstigare vilkår og lågare kostnadur er avgjerande for å oppretthalde matproduksjon over heile landet

# Bonden og landbruksnæringa i Ålesund gir Mat, Miljø og levande Bygder



Fra Vaksøya i aust til Harøya i vest



Foto: Sandøy kommune

## - Kvifor aktivt landbruk i Norge?

- lokal norsk mat året rundt i heile landet til nokså lik pris
- velstelte bygder med kulturlandskap og husdyr
- miljøverdiar, kulturverdiar og tradisjonsberarar
- lokal busetting og verdiskaping med store ringverknader



Mai 2020

# Landbruket i Ålesund

- \* 149 bruk i drift, av desse 58 med storfekjøt
- \* 40 mjølkebruk og 74 sauebruk
- \* Fylkets fjerde største mjølkecommune
- \* Tine-meieri og Felleskjøp-anlegg
- \* Kultur- og kystlandskap av verdsformat
- \* Det aktive landbruket gir ringverknader for arbeidsplassar og omsetnad i kommunen



ØRSKOG  
BONDELAG



SKODJE  
BONDELAG



HILDRE OG VATNE  
BONDELAG



YTRE HARAM  
BONDELAG



HARØY  
OG FJØRTOFT  
BONDELAG